

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.04.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde, Jon-Harald Huus, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall:

Referent: Kaia

Sak 2024/20: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/21: Godkjenning av referat frå styremøte 12.03.2024. Godkjent

Sak 2024/22: Eigedomar:

- Batteripakken i hjartestartaren på kulturhuset vart skifta 27.03.2024, dette er registrert i Hjertestarterregister.113.no
- Garderoben i den tidlegare barnehagen er leigd ut som lager frå 01.04.24 og i utg.pkt. for eit år. Same vilkår som andre leigetakarar.

Sak 2024/23: Tilstellingar:

- Dialogmøte om besøksforvaltning for Herand i samband med forventa auka turisme i bygda. Representantar frå idrettslaget, Hardangertrappa og kommunen skipa til møtet 9. april kl 14-16 i matsalen på kulturhuset. Ole, Angunn og Guri møtte for bygdelaget. Det var synfaring i Hardangertrappa før møtet. Christian Leivestad møtte frå kommunen, han er prosjektleiar for Friluftshovudstaden. Christine Molven frå Frivilligsentralen var med på møtet. Det skal startast opp arbeid med å utarbeide ein besøksstrategi for området.
- Bygdedugnad laurdag 27. april 2024 kl 10.00. Kunngjort på plakat og FB. Utarbeida plan og oversikt over aktuelle dugnadsoppgåver. Laga må melde arbeidsoppgåver til Ole. *Alle er velkomne med på dugnaden!*

Sak 2024/24: Konstituering:

- Konstituering av nytt styre etter årsmøtet i HB 07.04.24. Val av:
kasserar: Angunn Handegard Trå
skrivar: Kaia Gulbrandsen
nestleiar: Thorleif Gjernes
arbeidsutval: Ole G. Vassel, Angunn H. Trå og Kaia Gulbrandsen

Sak 2024/25: Økonomi:

- Bygdelaget har fått kr 4386,- i kommunal straumstøtte for nov. og des. 23.
- Søknad om ordinært tilskot til lagshus, søknad om tilskot til rydding av kulturstien og søknad om årleg tilskot til drift av Herand Kulturhus er sendt til kommunen.
- Søknad om vedlikehaldstilskot på kr. 200.000,- er sendt til Sparebankstiftinga Hardanger (ny ytterdør, maling, kledning på kulturhuset).
- Alle som ikkje har betalt Herand bygdeblad for 2024 har no fått tilsendt faktura. Neste blad kjem rundt 1. mai.

Sak 2024/26: Andre saker/eventuelt:

- Oppfølging på planlegging av kommande sesong på Kulturhistorisk Senter. Det er lyst ut sommarjobb, me har fått 3 søkarar. Det ser ut som sesongen

vert greitt dekkja opp. Me prøver å få til eit enkelt sal av kaffi og is. Det jobbast med skilting og infomateriell. Ei ny brosjyre er snart klar.

- Det trengs elbillading i bygda. Fylkeskommunen gir støtte til ladarar opp til 22 kW. Styret ved Guri fortsett arbeidet med å finne ei løysing for bygda.

Neste styremøte tysdag 14.05.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.